



MØTEBOK

Organ	Fylkesutvalet
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	21.11.2018
Kl.	10:30 – 15:30

Faste medlemer til stades:

Jenny Følling, Sp
Sigurd Reksnes, Sp
Aleksander Øren Heen, Sp
Trude Brosvik, KrF
Åshild Kjelsnes, Ap
Hilmar Høl, Ap
Helen Hjertaas, Ap
Bjørn Erik Hollevik, H
Gunhild Berge Stang, V

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesrådmann Tore Eriksen

Sekretariat for møtet:

Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 133/18 vart handsama etter sak 130/18 og før sak 131/18. Elles vart sakene handsama i den rekkjefølgja som framgår under.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Bjørn Hollevik til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Munnlege orienteringar:

1. I tilknyting til dokument 1 i sak 132/18, Campusutvikling Førde, orienterte prosjektleiar Rolf Årdal og rektor ved fagskulen, Reidar Grønli, ut frå ein presentasjon som er journalført i ESA 16/5900-7.
2. Sogn og Fjordane Energi AS. Fylkesutvalet drøfta fylkeskommunen sin eigarposisjon, saman med Advokatfirmaet Lund & Co, v/adv. Per Andreas Bjørgan og adv. Kristoffer Rakner. Fylkesutvalet vedtok å lukke dørene under drøftinga, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd. Fylkesutvalet fann samråystes representanten Hilmar Høl inhabil til å delta ved drøftinga, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

SAK 120/18 Ny selskapsavtale for Vigo IKS

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Fylkestinget godkjenner ny selskapsavtale for Vigo IKS, slik den ligg føre i vedlegg 1.

SAK 121/18 Kommunearkivordninga - tilslutning til interkommunalt samarbeid om arkivtenester

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretter eit interkommunalt samarbeid med styre etter kommunelova § 27 for løysing av felles arkivoppgåver, saman med deltagarkommunane i den gjeldande kommunearkivordninga. Namnet på samarbeidet er Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane. Til grunn for opprettinga ligg vedtekten, som også er stiftings-dokument for samarbeidet. Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane vert iverksett 1.1.2019.
 2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev det interkommunale styret i samarbeidet, dvs. representantskapen, mynde til å treffe vidare avgjerder om drift og organisering av verksemda i tråd med det som går fram av vedtekten, og med dei avgrensingane som elles følger av kommunelova.
 3. Sogn og Fjordane fylkeskommune peikar ut følgjande som medlem og varamedlem til representantskapen i Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane:
Medlem: Fylkesordføraren
Varamedlem: Fylkesvaraordføraren
-

SAK 122/18 Førde - detaljregulering sandtak Vie

VEDTAK:

1. Fylkesutvalet går til motsegn mot arealføremålet i nordaustleg del av planområdet som ikkje er i samsvar med gjeldande kommuneplan for Førde kommune. Grusterrassen på Vie er eit markant landskapstrekk i området, med fleire automatisk freda kulturminne. Eit av dei største gravfeltene på Nordvestlandet inngår i dette landskapet.
 2. Fylkesutvalet rår sterkt i frå arealdisponering til grustak i areal som er merka omsynssone H510-kjerneområde landbruk i søraustleg del av planområdet. Utviding av massetaket i denne retning fører til innskrenking av landskapet som gravfeltet (id 64082) er ein del av.
 3. Som forhandlingsleiar frå fylkeskommunen vert vald: Fylkesordføraren.
-

SAK 123/18 Aurland kommune. Reguleringsendring - Varehuset Brødrene Wangen, motsegn

VEDTAK:

1. Fylkesutvalet går til motsegn mot Reguleringsendring - Varehuset Brødrene Wangen. Endringar vil medføre utilbørleg skjemming av kyrkja.
 2. Som forhandlingsleiar for fylkeskommunen vert vald: Fylkesordføraren.
-

SAK 124/18 Handlingsprogram 2019-2022 til Kultur for alle, regional plan for kultur 2019-2027

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Handlingsprogram 2019-2022 til Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 1.

SAK 125/18 Høyring om endringar i drosjereguleringen

VEDTAK:

1. Forslaga til endringar i drosjereguleringa vil kunne vere skadeleg for drosjetilbodet i Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at:
 - a) Løyveinstituttet med tilhøyrande behovsprøving og køyreplikt må bestå i område som i dag er omfatta av maksimalprisforskrifta.
 - b) Det må gjennomførast ein dialog mellom dagens løyvegjevar (fylkeskommunane) og Samferdsledepartementet, slik at aktuelle justeringar kan gjennomførast til beste for brukarane, lokalsamfunna og drosjenæringa.
 - c) Fylkeskommunane må få mynde til å trekke tilbake løyver som ikkje fungerer.
2. Dersom behovsprøvinga fell bort, må det setjast i verk avbøtande tiltak:
 - a) Maksimalprisforskrifta må fortsatt gjelde i dei områda som den gjeld i dag.
 - b) Det må gjerast tiltak spesielt retta mot drosjer i grisgrendte strøk.
 - c) Det må gjerast tiltak spesielt retta mot universelt utforma drosjer og det må framleis vere definerte krav til kva som er ein universell tilrettelagd bil
 - d) Dei midlane som i dag er bundne til avgiftslette ved registrering av drosjebilar må om-disponerast til tiltak knytt til drosjer med universell utforming, samt drosjer i grisgrendte strøk. Dette kan t.d. gjerast ved at avgiftene knytt til anskaffing av bilar med universell utforming eller med einerett frå fylkeskommunen får sleppe eingongsavgift, tilsvarande som for turvogner.
 - e) Kvalifikasjonskrava for å kunne få eit drosjeløyve må vere på same nivå som kvalifikasjonskrava for turvognløyver
 - f) Helseføretaka må få pålegg frå staten om å samordne innkjøpa av pasientreiser med fylkeskommunen i område der fylkeskommunen vedtek at det skal vere eit avgrensa tal løyver. På denne måten vil offentleg kjøp framleis bli nytta som eit verkemiddel til å sikre innbyggjarane tilgang på drosjetenester i heile landet.

3. Det er viktig å legge til rette for ei stabil og seriøs drosjenæring. Tydeleg uniformering av vogn og sjåfør samt taksmeterplikt må vere grunnleggande. Ev. unntak må det søkjast spesielt om knytt til spesielle behov.
-

SAK 126/18 Høyring - Forslag til endring av § 6 i lov 21 juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har følgjande merknader til *Forslag til endring av §6 i lov av 21 juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy*:

1. Det er viktig med heilskaplege rutetilbod der rutestrukturane utfyller kvarandre og gir dei reisande eit komplett reisetilbod.
 2. Sogn og fjordane fylkeskommune rår til at regelverket rundt løyvebehandling ikkje vert endra. Det er viktig at fylkeskommunen beheld lokal råderett over ruteløyva i det området der vi også vil ha ansvaret for det lokale rutetilboden.
 3. Ei innskrenking av behovsvurderinga på lokale ruteløyve vil kunne gje eit fragmentert og usamanhengande rutetilbod som er mindre tenleg for dei reisande og dyrare å drive for det offentlege.
 4. Fylkeskommunane sine behov for å etablere nye regionale strukturar og eit heilskapleg rutesystem tilpassa nye reisebehov må vektleggast dersom det skal gjerast endringar i regelverket knytt til ruteløyve.
-

SAK 127/18 Endringar i budsjettet for 2018

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2018

- 1 Renteinntekter vert auka med 18,560 mill. kr. Avsetting til disposisjonsfond vert auka tilsvarande.
- 2 Budsjettet rentekompensasjon vert auka med 4,600 mill. kr, avdrag vert auka tilsvarande.
- 3 Budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert fordelt slik:
Renteinntekter: 30,500 mill. kr
Renteutgifter: 47,800 mill. kr
Avdrag: 90,100 mill. kr
- 4 Sentralt avsette midlar til pensjon vert redusert med 10,000 mill. kr.
- 5 Teneste 4800 Juridisk honorar og rettssaker vert redusert med 4,300 mill. kr. Av dette vert 1,500 mill. kr avsett til disposisjonsfond til bruk i 2019.

- 6 Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert auka med 0,500 mill. kr, teneste 5211 Gratis læremiddel vert redusert tilsvarende.
 - 7 Teneste 7222 Fylkesvegar – drift og vedlikehald vert auka med 10,700 mill. kr
Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar vert redusert med 0,700 mill. kr.
Bruk av fond – skadefondet – vert auka med 10,000 mill. kr.
 - 8 Samla vert driftsbudsjettet saldert med avsetting til bufferfondet med 12,800 mill. kr.
-

SAK 128/18 Etablering av "Nynorskhus" i Sogn og Fjordane - søknad om auka driftsstønad frå Sogn og Fjordane teater

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til at Sogn og Fjordane teater deltek i vidare plan- og utgreiingsarbeid for å realisere eit «Nynorskhus» i Førde.
 2. Fylkestinget har ikkje innvendingar til at Sogn og Fjordane teater inngår intensjonsavtale om leige i det framtidige «Nynorskhuset», jf. føreliggjande søknad frå teateret. Fylkestinget føreset at også Førde kommune, som medeigar i teateret, sluttar seg til dette.
 3. Fylkestinget legg vidare til grunn at også staten, når så langt kjem, tek del i den endelege driftsfinansieringa av teateret, jf. gjeldande fordelingsnøkkel.
 4. Fylkestinget legg til grunn at ein kjem tilbake til den delen av søknaden som gjeld utvida turneaktivitet ved teateret.
 5. Fylkesutvalet får fullmakt til å ta nærmare stilling til fylkeskommunen si rolle i det vidare arbeidet med å realisere «Nynorskhus» i Førde.
-

SAK 129/18 Gang- og sykkelveg langs fv.607 Heggebø - Leirvik i Hyllestad kommune

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Prosjektet fv. 607 Heggebø - Leirvik i Hyllestad kommune vert bygd etter alternativ 2, med eit tillegg med planlagde tiltak i Leirvik sentrum, innanfor ei kostnadsramme på 28 mill. kr.

SAK 130/18 Nytt opplæringsfartøy

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slike vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune investerer i nytt opplæringsfartøy i samsvar med saksutgreiinga.
 2. Fylkeskommunen vert eigar av det nye fartøyet og vert ansvarleg for drifta av dette.
 3. Investeringsutgiftene på 100 mill.kr, ekskl. mva, vert finansiert slik:
 - a. Rekneskapoverskot frå 2017; 45 mill. kr
 - b. Unytta lån frå tidlegare år; 25 mill. kr
 - c. Avsette fondsmidlar til nytt opplæringsfartøy i 2018; 30 mill. kr
 4. 1 mill. kr i driftsutgifter i 2019 og årleg auke i driftsutgifter på 1,5 mill. kr frå 2020 vert finansiert ved årlege tildelingar frå fondet «MAREKO» og inntekter frå Havbruksfondet.
-

SAK 131/18 Budsjett 2019 / økonomiplan 2019-2022

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slike vedtak:

1. Dokumentet "Budsjett 2019/økonomiplan 2019-22" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2019-22. Dette inkluderer investeringsprogrammet for bygg, slik det ligg føre i vedlegg 1.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2019/økonomiplan 2019-22".
3. Driftsbudsjettet for 2019 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettetskema 1A og 1B slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2019
Skatt på inntekt og formue	651,100
Ordinært rammetilskot	1711,723
Skatt på eideom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	54,356
Sum frie disponibele inntekter	2417,179
Renteinntekter og utbytte	41,340
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	55,000
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	89,150
Netto finansinnt./utg.	-102,810
Til dekking av tidlegare reksk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	51,000
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reksk.m. mindreforbruk	0,000

Bruk av ubundne avsettingar	86,728
Bruk av bundne avsettingar	17,221
Netto avsettingar	52,949
Overført til investeringsbudsjettet	2,600
Til fordeling drift	2364,718
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2364,718
Meir/mindreforbruk	0,000

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2019
400	POLITISK STYRING	52,318
410	KONTROLL OG REVISJON	4,963
420	ADMINISTRASJON	85,279
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	14,491
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,259
460	TENESTER UΤANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	30,897
480	DIVERSE FELLESUTGIFTER	7,745
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	18,963
SUM FORVALTNING		221,915
510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGER	99,064
515	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	64,590
520	PEDAGOGISK LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	104,764
521- 533	UTDANNINGSPROGRAMMA	354,314
554	FAGSKULE	9,744
559	LANDSLINER	5,645
561	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,534
562	TILPASSA OPPLÆRING	68,040
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	125,521
581	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	15,310
590	ANDRE FØREMÅL	11,292
SUM OPPLÆRING		877,818
660	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	17,582
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	66,604
SUM TANNHELSE		84,186
701	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	73,362
716	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,099
740	BIBLIOTEK	5,988
750	KULTURMINNEFORVALTNING	13,765
760	MUSEUM	16,575
771	KUNSTFORMIDLING	10,997

772	KUNSTPRODUKSJON	12,428
775	IDRETT	2,890
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,179
	SUM NÆRING og KULTUR	146,283
722	FYLKESVEGAR	577,747
730	BILRUTER	256,270
731	FYLKESVEGFERJER	144,685
732	BÅTRUTER	127,638
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,176
	SUM SAMFERDSLE	1116,516
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-82,000
	TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A	2364,718

4. Kapitalbudsjettet for 2019 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjetteskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2019:

2A, tal i mill. kr	Budsjett 2019
Investeringar i anleggsmidlar	881,640
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,600
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekka	0,000
Avsettingar	0,000
Finansieringsbehov innværende år	884,240
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	178,200
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	201,100
Kompensasjon for meirverdiavgift	154,900
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	11,600
Andre inntekter	0,000
Sum ekstern finansiering	545,800
Overført frå driftsbudsjettet	2,600
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	335,840
Sum finansiering	884,240
Udekka/udisponert	0,000

2B, tal i mill. kr	Budsjett 2019
Forvaltning og fellesutgifter	18,040
Opplæring	337,400

Tannhelse	7,000
Samferdsle	514,900
Kultur	4,300
Sum fordelt - frå 2A	881,640

5. Økonomiplanen sine rammer for 2020-22 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for fellesnemnda sitt arbeid med neste års budsjett og økonomiplan.

6. Det skal fremjast eigne saker for følgjande investeringsprosjekt til fylkestinget i april 2019:

- Nye Førde vidaregåande skule med fokus på:
 - endelig vedtak kring sal av Hafstad vidaregåande skule
 - endelig stadfesting av investeringsprosjektet
 - avklaring om Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd. Førde, skal vere ein del av denne investeringa.
- Sogndal vidaregåande skule, avd. Kaupanger inkl. Vitensenter, med fokus på:
 - godkjenning av avtale med Vitensenteret
 - endelig godkjenning av samla prosjekt
 - rekkjefølgjekrav og ev. etterhald i høve vidare framdrift i prosjektet.

Innsparingar/meirinntekter i driftsbudsjettet som følgje av investeringsprosjekta vert først innarbeidd etter endelige prosjektvedtak i fylkestinget i april 2019.

Endringsframlegg:

Senterpartiet sette fram slikt framlegg:

Atløysambandet i Askvoll kommune vert å innarbeide i økonomiplanen for 2019-2024 med ei samla løying på kr 350 millionar i perioden. Fordelt med 10 millionar i 2021, 40 millionar i 2022 og 300 millionar i 2023. Planlegginga av prosjektet vert gjennomført som føresett i fylkestinget sitt vedtak i desember 2017.

Svelgen - Indrehus vert vidareført i økonomiplanen med planleggingsmidlar som føresett i vedteken regional transportplan. Prosjektet vert å innarbeide i økonomiplanen 2019-2024 med ei samla løying på 350 millionar i perioden. Fordelt med 10 millionar i 2021, 40 millionar i 2022 og 300 millionar i 2023.

Det skal utgreia om brukarfinsansiering kan nyttast. Det skal vurderast om det er mogeleg å gjennomføre kostnadsreduserande tiltak.

Prosjekta kan startast opp tidlegare dersom det ligg til rette for dette.

Desse to prosjekta vert løyst innanfor ramma i fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett og økonomiplan til fylkesutvalet 21 nov.

Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre og Venstre sette fram slikt framlegg:

Endringar i investeringar:

Ingen endringar i Svelgen – Indrehus. Atløysambandet blir lagt inn med oppstart i 2021 med 50 mill. og 300 mill. i 2022. Kapitalkostnaden blir dekka inn av bufferfondet (20 mill).

Ved tilnærma full inndeckning av rentekostnader i fergeavløsningsordninga, vil vi framskunde både Ytre Steinsund og Atløysambandet til 2020. Evt. frigjort kapital skal nyttast til å framskunde Svelgen – Indrehus. Eventuelle justeringar kjem etter revidert nasjonalbudsjett, på FT i juni.

Vi ber om at fylkesrådmannen kjem tilbake med sak om finansieringsløysing for Måløy Marine ressurssenter og Campus Førde Verftet.

Fylkesutvalet sette fram slikt framlegg:

Den auka løyvinga til Fv 607 Heggebø - Leirvik på 3,2 mill. kr i 2019 vert finansiert med mva-kompensasjon på 0,6 mill. kr og auka låneopptak på 2,6 mill. kr. Auka årlege kapitalkostnadar på 0,150 mill. kr vert å innarbeide i driftsbudsjettet. Driftsbudsjettet vert saldert med auka bruk av bufferfondet.

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg:

Det vert løyvd kr 300 000,- til posten fartøyvern. Inndecking via bufferfond.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg:

Sogn og Fjordane fylkeskommune set av ei ramme på 10 millionar kroner til Måløy Marine ressurssenter som eit eingangsstilskot. Det vert føresett at ei slik løyving er innanfor regelverket for statstøtte og at det ligg føre ei fullfinansiering av prosjektet med deltaking fra næringslivet. Ein tek og sikte på å finne ei løysing for Førde Campus verftet.
Finansiering vert å kome attende til i eigne saker.

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg:

Ambisjonsnivået for måleindikatorane T6 Gjennomføring og R5 Samsvar mellom dimensjonering av opplæringstilbodet og behovet for fagarbeidrarar, vert endra til:

Måleindikator T6 Gjennomføring - ambisjonsnivå T6.1-1:

«I 2018 skal minst 83% av dei som byrja i vidaregåande opplæring i 2013 ha gjennomført opplæringa.»

Måleindikator R5 Samsvar mellom dimensjonering av opplæringstilbodet og behovet for fagarbeidrarar - ambisjonsnivå R5.1-1:

«Minst 90% av alle med ungdoms- eller vaksenrett som, gjennom inntakssystemet Vigo, søker lærepass som første ønske, får tilbod om opplæring for å nå sluttkompetansen.

Kjelde: QlikView, Vigo, november 2019.»

Avrøysting:

Jenny Følling, Sigurd Reksnes og Aleksander Øren Heen røysta for framlegget frå Senterpartiet om Atløysambandet og Svelgen-Indrehus. Framlegget vart såleis forkasta.

Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas, Trude Brosvik, Gunhild Berge Stang og Bjørn Hollevik røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti, Høgre og Venstre, og framlegget vart såleis vedteke.

Framlegget frå fylkesutvalet om auka løyving til Fv 607 Heggebø - Leirvik, vart samråystes vedteke.

Framlegget frå Arbeidarpartiet om kr 300 000 til posten fartøyvern, vart samråystes vedteke.

Jenny Følling, Sigurd Reksnes og Aleksander Øren Heen røysta for framlegget frå Senterpartiet om Måløy Marine ressurssenter og Campus Førde Verftet. Framlegget vart såleis forkasta.

Kristeleg Folkeparti sitt framlegg vart samråystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Dokumentet "Budsjett 2019/økonomiplan 2019-22" utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2019-22. Dette inkluderer investeringsprogrammet for bygg, slik det ligg føre i vedlegg 1.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet "Budsjett 2019/økonomiplan 2019-22".

3. Driftsbudsjettet for 2019 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettkjema 1A og 1B slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2019
Skatt på inntekt og formue	651,100
Ordinært rammetilskot	1711,723
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	54,356
Sum frie disponibele inntekter	2417,179
Renteinntekter og utbytte	41,340
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	55,000
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	89,300
Netto finansinnt./utg.	-102,960
Til dekking av tidlegare reksk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	51,000
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reksk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	87,178
Bruk av bundne avsettingar	17,221
Netto avsettingar	53,399
Overført til investeringsbudsjettet	2,600
Til fordeling drift	2365,018
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	2365,018
Meir/mindreforbruk	0,000

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2019
400	POLITISK STYRING	52,318
410	KONTROLL OG REVISJON	4,963
420	ADMINISTRASJON	85,279
421	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	14,491
430	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,259
460	TENESTER UΤANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	30,897
480	DIVERSE FELLESUTGIFTER	7,745
715	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	18,963
SUM FORVALTNING		221,915

510	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	99,064
515	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	64,590
520	PEDAGOGISK LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	104,764
521-533	UTDANNINGSPROGRAMMA	354,314
554	FAGSKULE	9,744
559	LANDSLINER	5,645
561	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,534
562	TILPASSA OPPLÆRING	68,040
570	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	125,521
581	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	15,310
590	ANDRE FØREMÅL	11,292
SUM OPPLÆRING		877,818
660	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	17,582
665	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	66,604
SUM TANNHELSE		84,186
701	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	73,362
716	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,099
740	BIBLIOTEK	5,988
750	KULTURMINNEFORVALTNING	14,065
760	MUSEUM	16,575
771	KUNSTFORMIDLING	10,997
772	KUNSTPRODUKSJON	12,428
775	IDRETT	2,890
790	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,179
SUM NÆRING og KULTUR		146,583
722	FYLKESVEGAR	577,747
730	BILRUTER	256,270
731	FYLKESVEGFERJER	144,685
732	BÅTRUTER	127,638
733	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,176
SUM SAMFERDSLE		1116,516
Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930		-82,000
TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A		2365,018

4. Kapitalbudsjettet for 2019 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettetskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2019:

2A, tal i mill. kr	Budsjett 2019
Investeringar i anleggsmidlar	884,840
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,600
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekka	0,000
Avsettingar	0,000

Finansieringsbehov innværende år	887,440
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	180,800
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	201,100
Kompensasjon for meirverdiavgift	155,500
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	11,600
Andre inntekter	0,000
Sum ekstern finansiering	549,000
Overført frå driftsbudsjetten	2,600
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	335,840
Sum finansiering	887,440
Udekkja/udisponert	0,000

2B, tal i mill. kr	Budsjett 2019
Forvaltning og fellesutgifter	18,040
Opplæring	337,400
Tannhelse	7,000
Samferdsle	518,100
Kultur	4,300
Sum fordelt - frå 2A	884,840

5. Økonomiplanen sine rammer for 2020-22 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for fellesnemnda sitt arbeid med neste års budsjett og økonomiplan.

6. Det skal fremjast eigne saker for følgjande investeringsprosjekt til fylkestinget i april 2019:

- Nye Førde vidaregåande skule med fokus på:
 - endeleg vedtak kring sal av Hafstad vidaregåande skule
 - endeleg stadfesting av investeringsprosjektet
 - avklaring om Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd. Førde, skal vere ein del av denne investeringa.
- Sogndal vidaregåande skule, avd. Kaupanger inkl. Vitensenter, med fokus på:
 - godkjening av avtale med Vitensenteret
 - endeleg godkjening av samla prosjekt
 - rekkjefølgjekräv og ev. etterhald i høve vidare framdrift i prosjektet.

Innsparingar/meirinntekter i driftsbudsjettet som følgje av investeringsprosjekta vert først innarbeidd etter endelege prosjektvedtak i fylkestinget i april 2019.

7. Atløysambandet blir lagt inn med oppstart i 2021 med 50 mill. og 300 mill. i 2022. Kapitalkostnaden blir dekka inn av bufferfondet (20 mill).

Ved tilnærma full inndeckning av rentekostnader i fergeavløsningsordninga, vil vi framskunde både Ytre Steinsund og Atløysambandet til 2020. Evt. frigjort kapital skal nyttast til å framskunde Svelgen – Indrehus. Eventuelle justeringar kjem etter revidert nasjonalbudsjett, på FT i juni.

8. Fylkestinget ber om at fylkesrådmannen kjem tilbake med sak om finansieringsløsing for MMR og Campus Førde Verftet.

9. Ambisjonsnivået for måleindikatorane T6 Gjennomføring og R5 Samsvar mellom dimensjonering av opplæringstilbodet og behovet for fagarbeidrarar, vert endra til:

Måleindikator T6 Gjennomføring - ambisjonsnivå T6.1-1:

«I 2018 skal minst 83% av dei som byrja i vidaregåande opplæring i 2013 ha gjennomført opplæringa.»

Måleindikator R5 Samsvar mellom dimensjonering av opplæringstilbodet og behovet for fagarbeidrarar - ambisjonsnivå R5.1-1:

«Minst 90% av alle med ungdoms- eller vaksenrett som, gjennom inntakssystemet Vigo, søker lærepass som første ønske, får tilbod om opplæring for å nå sluttkompetansen.

Kjelde: QlikView, Vigo, november 2019.»

SAK 132/18 Skriv og meldingar 21. november 2018.

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1: Campusutvikling Førde
- 2a: Seriøsitetskrav i bygge- og anleggskontraktar
- 2b: Strategiske grep og seriøsitetskrav
- 3: Fylkesordføraren sin rådgjevar
- 4a: Korrespondanse Kina
- 4b: Tentativt program besøk frå Ningxia, 28.11.2018
- 5: Eid kommune: Statens Vegvesen sitt fagmiljø i Nordfjord må styrkast, ikkje byggast ned!
- 6: Orientering om prosessen med å oppdatere Regional plan for vassforvaltning - Sogn og Fjordane vassregion
- 7a: E-post frå KS: Invitasjon til dialogmøte - organisering av brannvesenet i Sogn og Fjordane
- 7b: Konsekvensar for kommunane i Sogn og Fjordane av endringar i bemanningsnormer og kompetansekrav for brannvesen
- 7c: Alarmsentralen Sogn og Fjordane og KS – sluttrapport
- 8: Møtebok for Interimsstyret for samanslåing av revisjonseiningane i Sogn og Fjordane
- 9: Brev frå samferdsledep: Overføring av eierskap og forvaltningsansvar for statlege Fiskerihamneanlegg
- 10a: Englandskabalen
- 10b: Presentasjon Englandskabalen direkte til England og USA - digital motorveg
- 11: Kirkens SOS - Søknad om jubileumsgåve for 2019

Vedtak:

Fylkesutvalet løyver kr 25 000,- med dekning frå kontoen «Fylkesutvalet til disposisjon».

- 12: Fråsegn frå fylkesutvalet i Hordaland: Landet treng ein heilskapleg plan for skredsikring
- 13: Brev til aksjonærane i Njøs næringsutvikling AS

- 14a: Aurland kommune - Skjerdal kraftverk.
 - 14b: Skjerdal kraftverk- notat OED

 - 15a: Ny høyring - forslag til forskrift om endring av forskrift om miljømessig tryggleik for skip
 - 15b: Forslag til forskrift
 - 15c: Høyningsliste
 - 15d: Uttale fra Miljødirektoratet
 - 15e: New consultation - proposed Regulation concerning amendments to Regulations of environmental safety for ships and mobile
 - 15f: New proposed-regulation

 - 16: Felles uttale til fiskeridirektoratet: Nekst AS sin søknad om utviklingskonsesjonar
-

SAK 133/18 Hywind Tampen - Høyring av forslag til utredningsprogram for konsekvensutredning

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune vel å konsentrere fråsegna rundt samfunnsmessige ringverknadar gjennom følgjande kommentarar.

- 1) Sogn og Fjordane Fylkeskommune vil i samband med prosjektet be lisenshavar, saman med styresmaktene, om å sjå på moglegheitene som kan ligge i ytterlegare elektrifisering på Tampenområdet og i Nordleg Nordsjø elles, gjennom etablering av overføringskapasitet frå fastlandet. Slik overføringskapasitet vil vere viktig infrastruktur ved ev auka produksjonsvolum offshore og for å sikre tilstrekkeleg og stabil effektleveranse til dei installasjonane det er aktuelt å elektrifisere. Ein bør vidare vurdere om det finnest ev. synergiar knytt til overførings-kapasitet til UK, og om ein slik kabel med fordel bør byggjast så langt nord som mellom Sogn og Fjordane og Shetland – Skottland.

- 2) Aktiviteten på Snorrefeltet er svært viktig for olje- og gassverksemda i Flora og i Sogn og Fjordane elles. Godkjenning av Snorre Expansion Project stadfesta denne posisjonen. Vi vonar at dette vil danne mønster også når det gjeld ev. realisering av Hywind Tampen, og vi ber om at planar for forsyningar og driftsstøtte vert synleggjort i konsekvensutgreiinga.

- 3) Potensialet for offshore vind på norsk sokkel er stort, og dette kan verte eit viktig satsings-område framover. Det bør leggjast stor vekt på informasjon til og involvering av leverandør-industrien – deriblant leverandørane i Sogn og Fjordane – slik at desse får best mogleg føresetnad for å levere konkurransedyktige tilbod. Vi ber om at konsekvensutgreiinga synleggjer korleis denne utfordringa kan løysast.

Endringsframlegg:

Aleksander Øren Heen sette fram slikt framlegg til endring av punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen: Siste setning i punkt 1 går ut.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med endringsframlegget frå Heen, vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune vel å konsentrere fråsegna rundt samfunnsmessige ringverknadar gjennom følgjande kommentarar.

- 1) Sogn og Fjordane Fylkeskommune vil i samband med prosjektet be lisenshavar, saman med styresmaktene, om å sjå på moglegheitene som kan ligge i ytterlegare elektrifisering på Tampenområdet og i Nordleg Nordsjø elles, gjennom etablering av overføringskapasitet frå fastlandet. Slik overføringskapasitet vil vere viktig infrastruktur ved ev auka produksjonsvolum offshore og for å sikre tilstrekkeleg og stabil effektleveranse til dei installasjonane det er aktuelt å elektrifisere.
 - 2) Aktiviteten på Snorrefeltet er svært viktig for olje- og gassverksemda i Flora og i Sogn og Fjordane elles. Godkjenning av Snorre Expansion Project stadfesta denne posisjonen. Vi vonar at dette vil danne mønster også når det gjeld ev. realisering av Hywind Tampen, og vi ber om at planar for forsyningar og driftsstøtte vert synleggjort i konsekvensutgreiinga.
 - 3) Potensialet for offshore vind på norsk sokkel er stort, og dette kan verte eit viktig satsingsområde framover. Det bør leggjast stor vekt på informasjon til og involvering av leverandørindustrien – deriblant leverandørane i Sogn og Fjordane – slik at desse får best mogleg føresetnad for å levere konkurransedyktige tilbod. Vi ber om at konsekvensutgreiinga synleggjer korleis denne utfordringa kan løysast.
-